

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FE-231, FA-M00	20/972

Saknr	Utval	Type	Dato
109/2021	Formannskapet	PS	22.11.2021
061/2021	Kommunestyret	PS	02.12.2021
012/2022	Kommunestyret	PS	24.02.2022

## Delegasjon av mynde til NGIR - DELEGASJON AV MYNDE FOR DELTAKARKOMMUNANE I NGIR.

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Oppdatert forskrift	15.11.2021
Gjeldende forskrift	15.11.2021
Retningslinjer privat atkomst	12.11.2021
Veileder til forskrift	15.11.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### Masfjorden kommune delegerar mynde til NGIR - DELEGASJON AV MYNDE FOR DELTAKARKOMMUNANE I NGIR.

- Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å treffa enkeltvedtak for å ivareta sine oppgåver etter forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall.
- Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall.
- Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå plikten til å betala renovasjonsgebyr og til å vedta at ein eigedom er omfatta av tvungen renovasjon.
- Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om kontroll og pålegg om endringar knytt til

oppsamlingseiningar, hentestader, leveringsstader, køyreveg, åtkomstveg, transportveg og oppstillingsplassar.

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

#### **DELEGASJON AV MYNDE TIL NGIR**

##### 4.1 Innleiing – bakgrunn

Forureiningslova § 30 pålegg den enkelte kommune å syta før ein forsvarleg innsamling og handsaming av hushaldningsavfall i kommunen. Forureiningslova gjev i den samanheng vide rammer for korleis kommunen vel å organisera handteringa av hushaldningsavfall. I praksis er det difor utbreidd at kommunar både samarbeider og oppretta eigne sjølvstendige rettssubjekt til å stå føre den kommunale avfallshandteringa.

Blant anna som følgje av dette, gjev forureiningslova § 83 heimel for kommunane til å delegera mynde til å treffa enkeltvedtak til interkommunale og kommunale føretak. På den måten kan kommunen sikra at den organisasjon som står nærast til å føreta ei forsvarleg sakshandsaming av relevante saker, sjølv om denne ikkje omfattast av kommunelova sine bestemmingar, kan treffa naudsynte vedtak.

Kommunane har mynde både direkte i forureiningslova, men også etter mynde som er delegert frå statleg organ. I utgangspunktet vil mynde som kommunen sjølv har fått delegert, ikkje kunne delegerast vidare, men av lovforarbeidene til forureiningslova står det at forureiningslova § 83 gir kommunane rett til å delegere vidare all mynde, inkludert slik mynde som kommunane sjølv har fått delegert.

Forureiningslova § 83 forutset at delegasjon berre kan skje når «særlige hensyn tilsier» at det vert gjort. I lova sitt forarbeid er det likevel lagt til grunn at terskelen er låg, og omsynet til ei fornuftig organisering er tilstrekkeleg.

NGIR treffer p.t. enkeltvedtak knytt til dispensasjonssøknadar, endring av oppsamlingseiningar og oppfølging av gebyrbetaling (for dei av deltakarkommunane som har delegert slikt mynde til NGIR). NGIR har stått for slik myndigheitsutøving i mange år.

Delegasjonsvedtaka i deltakarkommunane er likevel fragmentariske og til dels uklare med omsyn til kva NGIR er gjeve mynde til. Ingen av deltakarkommunane har treft eit delegasjonsvedtak som tydeleg gjev kva mynde NGIR er tildelt, og delegasjonen framkjem i ikkje ubetydeleg utstrekning

implisitt av vedtaka.

Det har over tid òg komme til nye oppgåver og justeringar med omsyn til NGIR sine oppgåver og mynde, noko som har gjort at det p.t. er uoversiktleg kva som gjeld. Alle deltakarkommunar er likevel av den oppfatning at NGIR er gjeve mynde til å treffa dei enkeltvedtaka som NGIR gjer per i dag. Dette gjeld ikkje Fedje kommune, som sjølv har behandla og treft vedtak knytt til slike høve.

Rettsleg føreligg ingen formkrav til delegering av forvaltningsmynde. Av omsyn til offentlegheita er det likevel hensiktsmessig at delegasjon skjer skriftleg i vedtaksform. På denne måten sikrast òg notoritet med omsyn til kva delegasjonen omfattar. Det reduserer òg risiko for myndigheitsoverskridingar og er betre eigna til å unngå situasjonar der kompetanseforhold vert utfordra.

Gjennom saker som har oppstått dei seinare åra, har NGIR erfart at klare delegasjonsvedtak ville ha vore fordelaktig både for NGIR sine oppgåver og for kommunane sjølv. Det kunne forhindra mistydingar og trong for betydeleg ressursbruk knytt til oppklaring av kva mynde NGIR er tillagt.

På den bakgrunn føreslår NGIR at deltakarkommunane treff eksplisitte delegasjonsvedtak etter forureiningslova § 83, slik at det framover vert tydeleg både for NGIR, kommunane og brukarane kva forvaltningsmynde NGIR er tildelt.

## **Fakta**

### 4.2 Konsekvensar av forslaget

Forslaget om nye og eksplisitte vedtak om delegasjon vil i praksis være presiseringar av det som er gjeldande organisering mellom NGIR og kommunane per i dag. Det vil ikkje endra på dagens tilstand, men vil uttrykkeleg gjera det klart at NGIR er delegert mynde.

Som følge av dette vil forslaget ikkje medføre endringar i økonomiske konsekvensar.

### 4.3 Nærare om forslaget om fornya delegasjonsvedtak

Per i dag omfattar NGIR sitt mynde til å treffa enkeltvedtak i kraft av delegert kompetanse etter forureiningslova § 83 følgjande forhold:

- Vedtak om dispensasjon frå den til ei kvar tid gjeldande renovasjonsordning og gebyrplikta.

Dette gjelder den dispensasjonstilgangen som er tillagt kommunane i forureiningslova § 30, 2. ledd, siste punktum.

- Vedtak om å foreta kontroll av oppsamlingseiningar og avfall, derunder pålegg om auking av tal på-, eller volum på oppsamlingseiningar.
- Vedtak om betaling av gebyr for konkrete eigendomar/abonnentar (for eksempel når det kan vere uklårt om eigedomen er omfatta av ordninga eller ikkje).

NGIR treff òg avgjersler og bestemmingar innanfor de oppgåvene NGIR er tildelt med omsyn til den kommunale renovasjonsordninga. I visse tilfelle vil slike avgjersler/bestemmingar kunna bli sett på som enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Dette vil likevel byggja på det konkrete saksforholdet.

NGIR treff ikkje vedtak knytt til generell forureining og forsøpling. Vedtakskompetansen er avgrensa til NGIR si kjerneverksemd, og grip ikkje inn i ansvarsområdet som elles ligg til kommunale avdelingar for plan- og bygg, teknisk, VA, eller drift.

Som nemnt over har NGIR per i dag mynde til å treffa vedtak vedrørande dei ovannemnte forhold. NGIR har opparbeida seg kompetanse og erfaring i å treffa slike vedtak, og det vil innebere ein framleis hensiktsmessig arbeidsfordeling at NGIR vidarefører dette. NGIR er nærast til å vurdere saker som oppstår, og det er praktisk for både kommunane, NGIR og brukarane at NGIR fortset å handsama saker innanfor sitt fagområde. Dette sikrar òg ein einskapleg handsaming og praksis på tvers av kommunane.

Eit fornøya vedtak vil innebera at både kommunane, NGIR og brukarane får tydeleg opplysing om NGIR sin vedtakskompetanse, og dette vil forhindre unødig problematisering av kor det er kommunen eller NGIR som kan treffa avgjersler. Det vil også bidra til auka tillit til NGIR si sakshandsaming at delegasjonsvedtaka klart gjev NGIR sin kompetanse.

Det vil vidare vera føremålstenleg at delegasjonsvedtaket treffast separat, og ikkje går fram direkte av forslag til ny forskrift. Dette gjev kommunane større fleksibilitet med omsyn til eventuelle endringar, og det medfører mindre trong for forskriftsendringar som følgje av endra omstende i den enkelte kommune.

## **Konklusjon**

Administrasjonen tilrår at kommunestyret treff slikt vedtak:

- Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å treffa enkeltvedtak for å ivareta sine oppgåver etter forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall.
- Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall.
- Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå plikten til å betala renovasjonsgebyr og til å vedta at ein eigedom er omfatta av tvungen renovasjon.
- Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om kontroll og pålegg om endringar knytt til

oppsamlingseiningar, hentestader, leveringsstader, køyreveg, åtkomstveg, transportveg og oppstillingsplassar.

### **Formannskapet - 109/2021**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Nokre forhold ønskjer ein å få avklart med NGIR, og Formannskapet ønskjer å få ei orientering/avklaring før ein gjer innstilling.

#### **FS - vedtak:**

### **Kommunestyret - 061/2021**

#### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Saka vert utsett.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

#### **KS - vedtak:**

Saka vert utsett.

### **Kommunestyret - 012/2022**

#### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Det vart sett fram forslag om å utsette saka.

Framlegg til vedtak om utsetting vart samrøytes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

Saka vart utsett.

